Bømlo kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt
9. november til 15. november

Måndag 9. Kl. 11.30 - Dagkino - Bømlo kulturhus
Dagkino er eit tilbod til vaksne, med faste prisar, litt nedsett lyd og ein kopp kaffi og noko attåt etter filmen. Denne måndagen blir filmen "Reisen til Piemonte" sett opp. Filmen handlar om fire venner som reiser saman til Italia, der Eva har arva ein familegard. Les meir om filmen på Bømlo kulturhus sine nettsider. Bill.pris kr 150

Tysdag 10. Kl. 10.00 - Seniortur (enkel) - Kurebu
Bli med Bømlo turlag på turen Kinnestraumen, Araskårvatnet, Kurebu. Turen går i enkelt terreng. Oppmøte og start ved Svortland skule kl 10.00. Kontaktperson: Terje Anthun, tlf 476 32 701

Onsdag 11. Kl. 12.15 - Seniorsymjing - Bømlo symjehall
Arena for aktivitet, meistring, helse og sosialt samvær for vaksne. Ein kan symje i begge bassenga, alt etter kva ein ynskjer. Økt med aqua gym kl. 12.30 for dei som vil vera med. Bill.pris kr 75

Fredag 13. Kl. 19.30 - Verdas mest forelska par - Bømlo kulturhus
Bømlo Teater set opp stykket "Verdas mest forelska par", basert på Rune Belsvik si bok med same tittel. Bli med inn i universet til Belsvik, og la deg sjarmere i senk av både lykkelege og ulykkelege forelska folk. Billettar kan kjøpast i skranken eller på nettsida til kulturhuset. Pris kr 340

Søndag 15. Kl. 15.00 - Julebingo - Ungdomsheimen
Bremnes kvinne- og familielag inviterer til julebingo, med fine premiar. Det blir sal av kaffi og kaker.

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i samarbeid med posten

Nytt og nyttig

Pass deg for falske investeringar

Svindlarar kan prøve å lure deg til å investere i aksjar, kryptovaluta eller gull. Dei lovar gjerne at du kan tene mykje på kort tid. Tilbodet kan sjå ekte ut, men målet er å lure frå deg pengar.

Slik kan svindlarar gå fram

Svindelen kan starte med ein annonse på Facebook eller andre sosiale medium. Dersom du viser interesse, kan du bli kontakta av nokon som prøver å få deg til å investere pengar.



Bankane ser også at folk blir lurte til å kjøpe gull og gi det frå seg til nokon som skal «oppbevare det trygt». Nokre har til og med blitt bedne om å leggje gullet ute i naturen, slik at andre kan hente det.

Slik vernar du deg

- Ver skeptisk dersom nokon lovar deg mykje pengar på kort tid
- Ikkje gi ukjende tilgang til datamaskina, nettbanken eller BankID
- Snakk med banken eller nokon du stolar på før du investerer eller gir frå deg verdiar

Dersom du mistenkjer svindel, kontakt banken din så raskt som mogleg.

Kontaktinformasjon
e-post: web@finansnorge.no

Finans Norge